

# Bruk av IKT i skulen

## Spørjeundersøking

AUD-rapport nr. 5-09

Mai 2009

ANALYSE

UTGREIING

DOKUMENTASJON



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

## INNHALD:

Samandrag: s 3

Innleiing: s 5

Metode: s 5

Elevundersøkinga: s 8

Lærarundersøkinga: s 34

Rektorundersøkinga: s 55

## **Samandrag:**

Elevane nyttar pc noko meir på fritida til aktivitetar som ikkje har med skularbeid å gjere, enn dei gjer til skularbeid. Om lag 8 av 10 nyttar pc kvar dag på fritida til aktivitetar som ikkje har med skularbeid å gjere. Dei aktivitetane som flest elevar driv med kvar dag er surfing, chatting og bruk av nettsamfunn. Guter og jenter har noko ulike pc-vanar. Det er til dømes fleire gutar som surfar og spelar spel, medan jentene i større grad enn gutane er meir aktive på nettsamfunn.

Om lag 7 av 10 elevar nyttar pc-en til skularbeid kvar dag. Den er ein større del av jentene enn av gutane som nyttar pc-en kvar dag til skularbeid. Det er og ein større del av dei som går på studieførebuande som nyttar pc-en dagleg til skularbeid enn blant dei som går på yrkesfag. Norsk er det faget elevane nyttar pc-en mest i, men norsk er og det faget flest elevar ønskjer at ein skal bruke pc i, i større grad enn det ein gjer i dag.

Når det gjeld dei mest vanlege dataprogramma, er det flest elevar som seier at dei meistrar tekstbehandlingsprogram, presentasjonsprogram og e-post. Generelt er det ein større del av dei som går på studieførebuande som meistrar dei ulike programma enn blant dei som går på yrkesfag.

it's learning er ein viktig reiskap i skulekvardagen i den vidaregåande skulen i Hordaland, og nesten 9 av 10 elevar oppgjev at dei meistrar it's learning svært eller ganske godt. Det er fleire av dei som går på studieførebuande som meistrar it's learning godt enn av dei som går på yrkesfag.

Den digitale kunnskapen elevane har kjem frå fleire hald. Over 7 av 10 seier at dei delvis har tileigna seg kunnskapen på eigenhand, medan medelevar og vener utanfor skulen er dei som flest har lært av.

Den største delen av lærarane oppgjev at dei nyttar IKT i undervisninga i inntil 25 % av timane. Dei kvinnelege lærarane nyttar IKT i undervisninga i større grad enn dei mannlege. Dei yngre lærarane nyttar også IKT i undervisninga i større grad enn dei eldre. I høve til relevant utstyr er det flest som har tilgang til videokanon, medan handhalden teknologi er det som færrest har tilgang til.

Over halvparten av lærarane trur at undervisningsmetodikken vil endre seg i samband med innføringa av "den digitaliserte skule". Den største delen av lærarane synest berre i svært eller ganske liten grad at digitale læremiddel gjer det enklare å tilpasse undervisninga til den einskilde elev sitt faglege nivå. Det er fleire av dei som hovudsakleg underviser på yrkesfag enn av dei som hovudsakleg underviser på allmennfag som seier at det nyttar digitale hjelpemiddel for å tilpasse undervisninga til den einskilde elev sitt faglege nivå, og at digitale hjelpemiddel gjer dette enklare.

I likskap med elevane er det flest lærarar som seier at dei meistrar tekstbehandlingsprogram, presentasjonsprogram og e-post av dei mest vanlege dataprogramma. Det er ein tendens til at dei

mannlege lærarane oppgjev at dei meistrar dei ulike programma i større grad enn dei kvinnelege lærarane.

Det er førebels berre ein liten del av lærarane som nyttar web 2.0 i arbeidet sitt. Det er ein større del av dei yngre lærarane som nyttar web 2.0 enn av dei eldre. 30 % av dei som har svara på undersøkinga underviser i fag der det er relevant å nytte NDLA. Av desse seier den største delen at dei nyttar NDLA i ganske liten grad.

Nesten 9 av 10 lærarar seier at dei meistrar it's learning svært eller ganske godt. Det er ein større del av dei kvinnelege lærarane og av dei som hovudsakleg underviser på allmennfag som seier at dei meistrar it's learning godt. I tillegg er det fleire av dei yngre lærarane som meistrar it's learning godt enn dei eldre. Bruken av dei ulike elementa i it's learning varierar naturleg nok, men det er flest som nyttar seg av meldingstenesta. Dette er også det elementet som vert nytta oftast.

Om lag 9 av 10 lærarar har fått opplæring i IKT i løpet av dei to siste åra, og nesten 8 av 10 seier at dei treng kompetanseheving i dette skuleåret eller neste. Det er ein større del av dei kvinnelege enn mannlege lærarane som seier at dei treng kompetanseheving. Det er og ein større del av dei som hovudsakleg underviser på yrkesfag som treng kompetanseheving. Bildehandlingsprogram og Smartboard er dei områda flest lærarar seier at dei treng opplæring på. Når det gjeld form, er det flest som ynskjer seg intern opplæring på skulen.

Generelt er lærarane positive til ulike aspekt ved bruk av IKT. Til dømes seier over 7 av 10 at dei er heilt eller delvis einige i at bruk av IKT er motiverande.

Lærarane peiker også i undersøkinga på to punkt som dei meiner er kritiske i arbeidet med IKT. Det eine er knytt til at elevane har tilgang til internett i timane, noko som mange lærarar opplever som problematisk, og det andre er at mange meiner fokus på IKT er/potensielt kan bli for stort, og gå på kostnad av det faglege innhaldet i undervisninga.

Arbeidet med IKT vert av rektorane vurderte som eit satsingsområde i svært eller ganske stor grad. Korleis ein arbeider med IKT, er organisert litt ulikt frå skule til skule, men superbrukar og e-koordinator vert framheva som sentrale av mange rektorar. Generelt meiner rektorane at ein har kome om lag så langt som ein kan forvente i IKT-satsinga. Det er flest rektorar som meiner at dei har kome *lenger* enn forventa når det gjeld utstyr, og flest som meiner at ein har kome *kortare* enn forventa når det gjeld implementering av IKT i planar.

## **Innleiing**

På oppdrag frå, og i samarbeid med Opplæringsavdelinga har arbeidslaget Analyse, utgreiing og dokumentasjon gjennomført ei undersøking om bruken av IKT i skulen i Hordaland.

Bruk av IKT i skulen har vore eit satsingsområde i Hordaland, og mellom anna har Hordaland som eit av dei første fylka i landet, innført berbar pc til alle elevar. På undersøkingstidspunktet (vår 09) betyr dette at alle elevar på Vg1 og Vg2 har fått eigen pc. I tillegg har også elevane på Vg3 på dei fem SIKT-skulane (Sats på IKT i skulen) også egne pc-ar.

Bakgrunnen for undersøkinga er at Opplæringsavdelinga etter denne satsinga ønskjer meir kunnskap om korleis IKT vert nytta i skulen i dag og kor langt ein har kome i arbeidet med å integrere IKT i undervisninga. Mellom anna fokuserer undersøkinga på den digitale kompetansen til elevane og lærarane sin digitale praksis. Digital kompetanse er i følgje Kunnskapsløftet og dei nye læreplanane ein grunnleggjande ferdigheit som skal vere sentral på alle trinn i alle fag i grunnopplæringa. Undersøkinga skal og kaste lys over korleis arbeidet med IKT vert organisert på skulane. I rapporten vert det brukt ein del ord og uttrykk som er sentrale i arbeidet med IKT skulen. Desse vert forklart i ein 'ordliste' (sjå vedlegg).

## **Metode**

Datagrunnlaget for denne rapporten er tre spørjeundersøkingar gjennomført blant følgjande målgrupper:

- Elevar Vg1/Vg2
- Lærarar
- Rektorar

Alle undersøkingane er såkalla populasjonsundersøkingar, det vil seie at undersøkinga er sendt til alle som inngår i målgruppa. Alle dei vidaregåande skulane som fylket har ansvar for med unntak av Bergen Tekniske Fagskule, inngår i undersøkinga. Årsaka til at denne skulen er utelete er at den ikkje inngår i pc-ordnigna. Alle tre spørjeundersøkingane er gjennomført elektronisk. Det vart sendt ut e-post med link til spørjeskjema til dei aktuelle elevane, lærarane og rektorane basert på lister som vart framskaffa av Opplæringsavdelinga.

Til saman vart det sendt ut spørjeskjema til 2677 lærarar. Dette er alle lærarane som er tilsett ved dei aktuelle vidaregåande skulane i fylket. Opplæringsavdelinga sine datasystem gav ikkje moglegheit for

å få ut lister som berre inneheldt dei som underviser på Vg1 og Vg2. Difor vart undersøkinga lagt opp slik at den vart sendt til alle, men dei som berre underviser på Vg3 (med unntak av SIKT-skulane) eller berre arbeidar administrativt, vart losa ut av undersøkinga etter dei innleiande spørsmåla. Ved enkelte skular var det berre dei som underviser på Vg1 og Vg2 som fekk beskjed av leiinga om å ta undersøkinga. I tillegg har vi ikkje hatt tilgang til informasjon om dei lærarane som arbeider ved fleire skular. Dette inneber at vi ikkje kjenner det nøyaktige talet på lærarar i denne populasjonen, og at vi dermed ikkje kan rekne ut ein nøyaktig svarprosent for denne gruppa. Totalt har 1563 lærarar delteke i undersøkinga, og det utgjer 58 % av alle lærarane ved dei aktuelle skulane.

På undersøkinga blant rektorane har alle svart, slik at svarprosenten her er 100%.

Når det gjeld undersøkinga blant elevane har vi hatt tilgang til meir nøyaktige opplysningar og har dermed vore i stand til å følgje svarinngangen ved kvar einskild skule. Totalt har 7815 elevar delteke i undersøkinga og dette gjev ein svarprosent på 66 %. Samtalar med ulike skular tyder på at talet på elevar på Vg1 og Vg2 som vi har fått oppgjeve frå Opplæringsavdelinga, i nokon tilfelle kan vere litt for høgt. Dette kan til dømes ha samband med at elevar har slutta i løpet av skuleåret. Dette betyr at svarprosenten ved nokre skular kan vere noko høgare enn det tabellen på neste side viser. Svarprosenten for den einskilde skule er som følgjer:


SKOLE	SVAR %
Voss gymnas	78
Øystese gymnas	66
Odda vidaregåande skule	77
Voss vidaregåande skule	77
Norheimsund vidaregåande skule	65
Voss Husflidskule	84
Rogne vidaregåande skule	62
Hjeltnes gartnarskule	77
Voss jordbruksskule	74
Os gymnas	70
Fana Gymnas	60
Langhaugen videregående skole	52
Sandsli videregående skole	82
Slåtthaug videregående skole	73
Fusa vidaregåande skule	53
Os vidaregåande skule	58
Stend vidaregåande skule	66
Bergen-Sør	66
Garnes vidaregåande skule	68
Tertnes videregående skole	64
U. Pihl videregående skole	85
Osterøy vidaregåande skule	77
Knarvik vidaregåande skule	71
Arna yrkesskule	48
Åsane videregående skole	64
Austrheim vidaregåande skule	70
Lønborg videregående skole	59
Tanks videregående skole	72
Bergen Katedralskole	64
Bergen Handelsgymnasium	55
Årstad videregående skole	55
Bergen maritime videregående skole	59
Bjergvin videregående skole	78
Laksevåg videregående skole	58
Askøy videregående skole	75
Sotra vidaregåande skule	63
Fyllingsdalen videregående skole	55
Olsvikåsen videregående skole	69
Bømlo vidaregåande skule	86
Stord vidaregåande skule	65
Kvinnherad vidaregåande skule	73
Rubbestadnes vidaregåande skule	65
Austevoll vidaregåande skule	56
Fitjar vidaregåande skule	63
Etne vidaregåande skule	69
Totalt:	66

Forsknings- og kompetansenettverk for IT i utdanning (ITU) har i 2003, 2005 og 2007 gjennomført ein nasjonal studie på dette området: "Skulens digitale tilstand". Der det er relevant, vert funna i denne undersøkinga samlukka med ITU sine funn.

## Elevundersøkinga


### Bruk av pc på fritida:

I undersøkinga blant elevane vart mellom anna deira bruk av pc på fritida kartlagd. 63 % av elevane nyttar pc fleire gongar for dagen, og legg ein til dei som svarar omlag ein gong for dagen, er det heile 81 % av elevane som nyttar pc dagleg på fritida til aktivitetar som ikkje har med skularbeid å gjere. 1 % av dei spurde nyttar aldri pc på fritida.




Det er også interessant å avdekke *kva* elevane nyttar pc-en til på fritida. Dei vart difor spurde om ei rekkje ulike aktivitetar. Over halvparten, 52 % av elevane surfar på Internett fleire gonger for dagen på fritida. Berre 3 % seier at dei aldri surfar. Det er fleire gutar som surfar kvar dagleg (77 %) enn jenter (68 %).

#### Bruk av pc på fritida: surfe




Til saman 73 % av elevane chatter kvar dag. 4 % av elevane chatter aldri. Bakgrunnstala viser ingen signifikante forskjellar mellom gutar og jenter når det gjeld kor ofte ein chatter.

#### Bruk av pc på fritida: chatte




Å spele spel på nettet er ikkje like vanleg blant elevane som dei to føregåande aktivitetane. Det er totalt 20 % som speler spel på pc-en dagleg. Den største gruppa, 38 %, seier at dei aldri speler pc-spel. På dette punktet er det skilnad på gutar og jenter. Det er totalt 32 % av gutane som seier at dei speler spel fleire gonger for dagen eller kvar dag. Det same er tilfelle for 8 % av jentene. 52 % av jentene seier at dei aldri speler spel på pc, mens det same berre er tilfelle for 25 % av gutane. Det er ein noko større del av dei som går på yrkesfaglege programområde som speler spel kvar dag, 23 %, enn blant dei som går på studieførebuande programområde, 17 %.

### Bruk av pc på fritida: spille spill




Dei som spelar vart vidare spurde om i kva grad dei opplever at dette er noko som går ut over skulearbeidet. Totalt er det 18 % som opplever at spelinga går utover skulearbeidet i svært eller ganske stor grad. Det store fleirtalet opplever ikkje dette som eit problem.

### I hvilken grad opplever du at nettspill/spill går utover skolearbeidet ditt?




Det er ikkje særleg vanleg blant elevane å bruke pc-en til å kommunisere på Skype. 70 % seier at dette er noko dei aldri gjer.

### Bruk av pc på fritida: Kommunisere på Skype




Over halvparten av elevane nyttar nettsamfunn (f. eks Facebook, Netby) fleire gonger for dagen. Samla sett er nettsamfunna noko elevane nyttar seg av i stor grad. Totalt nyttar nesten 7 av 10 seg av dette dagleg. Det er fleire jenter (78 %) enn gutar (61 %) som er inne på nettsamfunn kvar dag. Det er ein litt større del av dei som går på studieførebuande som nyttar nettsamfunn dagleg (73 %) enn det er blant dei som går på yrkesfag (66 %).

### Bruk av pc på fritida: Nettsamfunn




Virtuelle nettsamfunn (IMVU, Secondlife, Habbo) er på langt nær så populære blant elevane som dei ordinære nettsamfunna. Heile 85 % seier at dei aldri nyttar seg av dette. Det er litt fleire jenter (87 %) enn gutar (83 %) som seier at dei aldri nyttar pc-en på fritida til virtuelle nettsamfunn. Det er også ein

større del av dei som går på studieførebuande (89 %) som aldri nyttar dette enn blant dei som går på yrkesfag (81 %).



Dei som seier at dei besøker virtuelle nettsamfunn vart vidare spurde om kva for samfunn dei er medlem av. Den største delen av desse er medlem av Habbo (20 %).


Å bruke pc til å laste ned musikk er svært populært blant elevane. Det er berre 26 % som aldri lastar ned musikk. Kor ofte ein lastar ned musikk varierer imidlertid ganske mykje. I ITU sin nasjonale studie frå 2007 ligg delen som lastar ned musikk, noko høgare. Her er det 74 % som seier at dei lastar ned musikk dagleg eller ukentleg.



Det er ikkje like vanleg å laste ned film som det er å laste ned musikk. Nesten halvparten av elevane seier at dei aldri nyttar pc til å laste ned film. Også når det gjeld film er delen som lastar ned dette


noko lågare enn i ITU sin nasjonale studie. Det er fleire gutar enn jenter som lastar ned filmar. 58 % av jentene seier at dei aldri lastar ned film. Det same er berre tilfelle for 36 % av gutane. Det er også ein noko større del av dei som går på studieførebuande (49 %) som aldri lastar ned film enn det er blant dei som går på yrkesfag (44 %).

**Bruk av pc på fritida: Laste ned film**




Ein stor del av elevane laster opp bilete/musikk/film på nettet. Nesten 7 av 10 elevar nyttar pc-en til dette. Å laste opp ting er imidlertid ikkje noko ein gjer så ofte. Den største delen av dei som driv med opplasting gjer dette ein sjeldan gong. Det er flest jenter som driv med opplasting, totalt 75%, mot 62 % av gutane. Det er litt fleire av dei som går på studieførebuande programområde (70 %) enn blant dei som går på yrkesfag (66 %).

**Bruk av pc på fritida: Laste opp bilder/musikk/film**




Litt over halvparten nyttar pc-en til å sjå TV. Det er litt fleire gutar (56 %) enn jenter (51%) som ser TV på pc-en. Det er ein litt større del av dei som går på studieførebuande programfag (58 %) som ser TV på pc enn det er blant dei som går på yrkesfaglege programfag (51 %).

**Bruk av pc på fritida: Se TV**




Det er ikkje særleg vanleg blant elevane å blogge. 76 % oppgjev at dei aldri bloggar, og blant dei som bloggar seier den største delen at dei berre gjer det ein sjeldan gong.

**Bruk av pc på fritida: Blogge**




Å nytte pc-en til å spele pengespel på nett er heller ikkje spesielt utbreidd blant elevane. Det er berre 11 % som seier at dei spelar pengespel på nettet og av desse seier dei fleste at dei berre spelar ein sjeldan gong. Det er fleire gutar (totalt 18 %) enn jenter ( totalt 4%) som spelar pengespel. Det er også ein noko større del av dei som går på yrkesfaglege programområde (12 %) som spelar enn blant dei som går på studieførebuande (9 %).

Bruk av pc på fritida: Pengespill på nett



Samlefigur: Bruk av pc på fritida:

Hvor ofte bruker du pc til følgende aktiviteter (utenom skolearbeid)?




### Bruk av pc til skularbeid:

52 % av elevane oppgjev at dei nyttar pc til skularbeid fleire gongar for dagen. Totalt er det 74 % av elevane som dagleg gjer skularbeid ved hjelp av pc. Det vil altså seie at det er ein noko større del av elevane som dagleg nyttar pc-en til aktivitetar som *ikkje* har med skularbeid å gjere (81 %) enn det er som dagleg nyttar pc til dette føremålet.

I ITU sin studie (2007) vart mellom anna elevane sin bruk av pc mellom anna målt i timar, og ein fann at elevane nytta langt meir tid ved datamaskinen heime enn det dei gjer på skulen.


Det er ein noko større del av jentene (77 %) enn av gutane (71 %) som dagleg nyttar pc til skularbeid. Om vi ser på programområda, er det 80 % av dei som går på studieførebuande programområde som nyttar pc til skularbeid kvar dag, mot 69 % av dei som går på dei yrkesfaglege programområda. I tillegg er det ein litt større del av dei som går på Vg2 (76 %) som nyttar pc-en til skularbeid dagleg enn blant dei som går på Vg1 (71%).

Hvor ofte bruker du datamaskinen til skolearbeid?




Elevane vart vidare spurde om kor ofte dei nyttar pc i ulike fag. Dette er noko som varierer ein del frå fag til fag. Norsk er det faget elevane samla sett nyttar pc-en mest i. Til saman 61 % seier at dei alltid eller ofte nyttar pc-en i dette faget. Berre 4 % seier at de aldri nyttar pc i norsk. Det er ein større del av dei som går på yrkesfaglege programområde som seier at dei aldri nyttar pc-en i norsk (6 %) enn av

dei som går på studieførebuande (1 %). I den nasjonale studien til ITU kjem det og fram at norsk er det faget der ein nyttar IKT mest.




Når det gjeldt matematikk er biletet ganske annleis. Her seier 38 % av elevane at dei aldri nyttar pc i faget. Blant dei som går på yrkesfag oppgjev 53 % at dei aldri nyttar pc i matematikk, mot 20 % av dei som går på studieførebuande.

Hvor ofte bruker du pc i følgende fag? - Matematikk




Delen som nyttar pc i faget er høgare for naturfag enn for matematikk. Her er det til saman 38 % som seier at dei nyttar pc alltid eller ofte i dette faget, medan 27 % svarar aldri. Også her er det ein større del av dei som går på yrkesfag (33 %) som seier at dei ikkje nyttar pc i dette faget enn det er av dei som går på studieførebuande (20 %).

Hvor ofte bruker du pc i følgende fag? - Naturfag




Til saman 58 % seier at dei nyttar pc ofte eller alltid i engelsk. Delen som seier at dei aldri nyttar pc i dette faget er 10 %. Om vi slår saman alltid, ofte og av og til, er delen som nyttar pc i engelsk 87 % blant dei som går på yrkesfag og 73 % av dei som går på studieførebuande.

Hvor ofte bruker du pc i følgende fag? - Engelsk




Kroppsøving er det faget der den største delen, 65 %, seier at dei aldri nyttar pc. Det er ikkje signifikante skilnader når det gjeld programområde på dette punktet.

Hvor ofte bruker du pc i følgende fag? - Kroppsøving




Elevane vart og spurde om kor ofte dei nyttar pc i programfag. Her er spreinga større. Den største gruppa, 35 %, seier at dei ofte nyttar pc i programfag. 10 % svarar aldri. Det er ein større del av dei som går på yrkesfag som nyttar pc i programfag (83 % om ein slår saman alltid, ofte og av og til) enn det er blant dei som går på studieførebuande (59 % om ein slår saman alltid, ofte og av og til).

### Hvor ofte bruker du pc i følgende fag? - Programfag




### Samlefigur: Bruk av pc i ulike fag



Elevane vart også spurde om det er noko(n) fag dei meiner at det burde vore brukt pc i, i større grad enn i dag. 60 % av elevane i undersøkinga har kryssa av for eit eller fleire fag. Sjølv om norsk er det faget som flest nyttar pc i, i dag, er det størst del (59 %) av desse elevane som meiner at dei burde pc meir i dette faget enn dei gjer i dag.

Det er fleire gutar enn jenter som meiner at dei burde bruke pc i større grad enn i dag i alle faga. Størst er skilnaden når det gjeldt matematikk. 21 % av jentene og 31 % av gutane ønskjer meir bruk av pc i matematikk.


For alle faga er det ein større del av dei som går på yrkesfag enn blant dei som går på studieførebuande som meiner at dei burde bruke pc meir.



### *Eigenvurdert kompetanse*


Elevane vart bedne om å vurdere sin eigen kompetanse i ei rekkje dataprogram. Det er stor variasjon i kva grad dei meiner dei meistrar dei ulike programma. Teksthandsamingsprogram (f. eks Word) er noko elevane seier at dei meistrar i stor grad. Heile 97 % av elevane oppgjev at dei meistrar teksthandsaming svært eller ganske godt. Det er ein litt større del av dei elevane som går på studieførebuande (98 %) som oppgjev dette enn blant dei som går på yrkesfag (95 %).

Hvor godt eller dårlig behersker du følgende program: - Tekstbehandlingsprogram




Delen som meiner at dei meistar presentasjonsprogram (f. eks Power Point) er og stor. Totalt 86 % av elevane meistar dette svært eller ganske godt. 91 % av dei som går på studieførebuande svarar dette og 82 % av dei som går på yrkesfag. Det er og ein liten skilnad på kjønn på dette område. 87 % av jentene seier at dei meistar presentasjonsprogram i svært eller ganske stor grad, medan det same er tilfelle for 85 % av gutane.

Hvor godt eller dårlig behersker du følgende program: - Presentasjonsprogram




Det er berre 13 % av elevane som oppgjev at dei meistar rekneprogram ( f. eks Excel) svært godt. Den største delen, 38 % , svarer ganske godt på dette spørsmålet. På dette område er det fleire av dei som går på studieførebuande som seier at dei meistar programma svært eller ganske godt (59 %) enn blant dei som går på yrkesfag (45 %). Det er fleire gutar (56 % om ein slår saman svært og ganske

godt) enn jenter (45 % om ein slår saman svært og ganske godt) som seier at dei beherskar rekneprogram godt.




Om lag 2 av 10 seier at dei meistarar bildehandsamingsprogram (f. eks Picasa) svært godt. Det er ikkje signifikante skilnader mellom dei elevane som går på studieførebuande og yrkesfag på dette området, men det er fleire jenter (52 % svært/ganske godt) enn gutar (46 % svært/ganske godt) som oppgjev at dei meistarar bildebehandlingsprogram godt.




Elevane meistarar e-post program (f. eks Hotmail) godt. 93 % av elevane seier at dei meistarar e-post svært eller ganske godt. Litt fleire jenter (94 %) enn gutar (92 %) seier dette. Blant dei som går på studieførebuande er det 96 % som meistarar e-post svært eller ganske godt, mot 91 % av dei som går på yrkesfag.

Hvor godt eller dårlig behersker du følgende program: - E-post




Samlefigur: Eigenvurdert kompetanse

Hvor godt eller dårlig behersker du følgende program:




## *it's learning*

it's learning er ein viktig reiskap i elevane si pc-kvardag, og 87 % av elevane seier at dei meistrar det svært eller ganske godt. Delen som meistrar programmet er større blant dei som går på studieførebuande (92 %) enn blant dei som går på yrkesfag (83 %).




## *Bruk av program*

Elevane vart spurde om kor ofte det vert nytta ei rekkje ulike digitale program/hjelpemiddel i skulearbeidet. 74 % av elevane oppgjev at digitale prøver vert nytta, men det er ikkje noko som vert nytta ofte. Om ein går på studieførebuande eller yrkesfag gjev ikkje utslag på dette spørsmålet.




56 % av elevane oppgjev at digitale forteljingar vert nytta i skulearbeidet, også her er det sjeldnare enn fleire gongar i månaden som er det vanlegaste. 18 % svarar ”veit ikkje” på dette spørsmålet, det kan tyde på at ikkje alle kjenner til digitale forteljingar. Det er heller ikkje på dette spørsmålet skilnad mellom dei som går på studieførebuande programområde og dei som går på yrkesfaglege.

Hvor ofte bruker dere følgende i skolearbeidet: - Digitale fortellinger




Del.ici.us vert ikkje brukt i skulearbeidet i særleg grad. 40 % av elevane seier at det aldri vert brukt, medan 41 % svarar ikkje sikker. Det er rimeleg å tru at ein stor del av dei som svarar ’ikkje sikker’ ikkje kjenner til programmet.

Hvor ofte bruker dere følgende i skolearbeidet: - Del.ici.us




Blogg er heller ikkje eit verktøy som vert nytta i skulearbeidet i utstrekt grad. Nesten 7 av 10 seier at dei aldri nyttar blogg.

Hvor ofte bruker dere følgende i skulearbeidet: - Blogg




Det er ein noko større del av elevane som oppgjev at nettsamfunn vert nytta i skulearbeidet, til saman 33 %. Delen som seier at dei aldri nyttar nettsamfunn i skulearbeidet er større blant dei som går på studieførebuande (58 %) enn blant dei som går på yrkesfag (43%).

Hvor ofte bruker dere følgende i skulearbeidet: - Nettsamfunn




Dei alle fleste elevane seier at googleverktøy vert nytta i skulearbeidet. Den største delen 34 % seier at dei nyttar det fleire gongar i uka. Det er små skilnader på studieførebuande og yrkesfag når det gjeld bruk av googleverktøy i skulearbeidet.

Hvor ofte bruker dere følgende i skolearbeidet: - Googleverktøy




Wiki er også mykje brukt i skulearbeidet. Det er berre 7 % av elevane som seier at dei aldri nyttar Wiki. Delen som oppgjev at dei nyttar Wiki kvar dag er litt større på studieførebuande (10 %) enn på yrkesfag (7 %).

Hvor ofte bruker dere følgende i skolearbeidet: - Wiki




## Samlefigur: Bruk av ulike program i skolearbeidet



### Bruk av utstyr


I tillegg til bruk av ulike program er det og interessant å sjå på bruken av utstyr. Nesten halvparten av elevane seier at dei aldri nyttar smartboard i skulearbeidet. 9 % av elevane seier at dei ikkje har tilgjengeleg utstyr. Det er og ein relativt stor del som svarar 'veit ikkje', 21 %.

Hvor ofte bruker dere følgende i skolearbeidet: - Smartboard




Videokonferanse er heller ikkje noko som vert nytta i stor grad. 59 % seier at dei aldri nyttar dette.

Hvor ofte bruker dere følgende i skolearbeidet: - Videokonferanse




Til saman 45 % av elevane seier at handhalden teknologi (iPod/mp3/mobil) er noko som vert nytta i skulearbeidet. Blant disse er det flest som seier at dei nyttar det sjeldnare enn fleire gonger i månaden. Det er ein større del av dei som går på studieførebuande (51 %) som nyttar handhalden teknologi i skulearbeidet, enn blant dei som går på yrkesfag (41 %).

Hvor ofte bruker dere følgende i skolearbeidet: - iPod/mp3/mobil




Det er om lag like stor del som seier at dei nyttar kamera i skulearbeidet, totalt 44 %. 46 % av dei som går på yrkesfag oppgjev at dei nyttar kamera i skulearbeidet, medan det same er tilfelle for 40 % av dei som går på studieførebuande.

Hvor ofte bruker dere følgende i skolearbeidet: - Kamera




Dataloggingsverktøy er lite brukt i skulearbeidet. Berre 28 % av elevane seier at dette noko som vært brukt, og lagt dei fleste av desse seier at det vert nytta sjeldan. Delen som svarar veit ikkje på dette spørsmålet er stor. Det kan tyde på ein del av elevane ikkje veit kva dataloggingsverktøy er.

Hvor ofte bruker dere følgende i skulearbeidet: - Dataloggingsverktøy




### Samlefigur: Bruk av utstyr i skulearbeidet

Hvor ofte bruker dere følgende i skulearbeidet



## Opplæring

Elevane vart spurde om kven som har lært deg det dei kan om data. Resultata viser at kunnskapen deira kjem frå fleire ulike kjelder. Heile 74 % av elevane seier at dei er delvis sjøvlærte. Etter det er det venner og medelevar som er den viktigaste gruppa dei lærer frå. Det er litt fleire av dei elevane som går på studieførebuande som seier at dei har lært av læraren (28 %) enn blant dei som går på yrkesfag (25 %).




## L r runders kinga

### Bruk av IKT i undervisninga:


Den st rste delen av l rarane, 37 %, svarar at dei nyttar IKT i inntil 25 % av timane. Bakgrunnstala viser at dei kvinnelege l rarane nyttar IKT i undervisninga i ein st rre del av timane enn dei mannlege gjer. Andelen som nyttar IKT i inntil 25% er st rre blant menn (42%) enn blant kvinner (33 %). Medan det er fleire kvinnelege l rarar som svarar mellom 25 – 50 % (30 %) enn mannlege (25 %). Det er og fleire kvinner (19 %) som svarar mellom 50-75 % enn menn (13 %).

Bakgrunnstala viser ogs  at i kor stor del av timane ein nyttar IKT synker med alderen. Til d mes er det 21 % av dei under 40  r som nyttar IKT i mellom 50-75 % av timane, medan det same berre er tilfelle for 8 % av dei l rarane som er 60  r og eldre.




L rarane vart spurde om dei har tilgang til ulike typar relevant utstyr. Det som flest seier at dei har tilgang til av desse typane utstyr, er videokanon. 93 % av l rarane har tilgang til dette. Handhalden teknologi er det f rrast som har tilgang til i undervisninga.

### Kva for teknisk utstyr har du tilgang til i undervisninga?




Dei lærarane som har tilgang til dei ulike hjelpemidla vart spurde kor ofte desse vert nytta i undervisninga. Når det gjeld videokanon svarar over halvparten at dette er noko dei nyttar ofte. Av dei som har tilgang til videokanon er det berre 2 % som seier at dei aldri nyttar det.


### Kor ofte brukar du videokanon i undervisninga?



Blant dei som har tilgang til høgtalaranlegg, er det flest som svarar at dette er noko dei nyttar av og til.




Smartboard er ikkje et verktøy som vert nytta i undervisninga i stor grad. Av dei som har tilgang til dette er det til saman 61 % som seier at dette er noko dei nyttar sjeldan eller aldri.




I underkant av 3 av 10 lærerar har tilgang til kamera/filmstyr i undervisninga. Av desse seier den største gruppa, 38 %, at dette er noko dei nyttar av og til, og 35 % seier at dei sjeldan nyttar kamera/filmstyr i undervisninga.

**Kor ofte brukar du kamera/filmstyr i undervisninga?**



**Kor ofte brukar du handhalden teknologi i undervisninga?**




Når det gjeld handhalden teknologi, er det berre 7 % som har tilgang til dette, igjen er det fleste som svarar av og til, medan 29 % svarar at dei nyttar det ofte.

## Endringar i skulekvardagen etter innføringa av IKT


Lærarane vart spurde om i kva grad dei trur undervisningsmetodikken vil endre seg i samband med innføringa av den digitaliserte skule. Over halvparten trur den vil endre seg, og dei fleste av desse trur det blir endring i ganske stor grad. Bakgrunnstala viser at delen som trur undervisningsmetodikken vil endre seg aukar med alder opp til gruppa 50-59 år. I denne gruppa er det 66 % som trur at undervisningsmetodikken vil endre seg i svært eller ganske stor grad. Tilsvarende del blant lærarar under 40 år er 53 %. Det er og ein litt større del av dei kvinnelege lærarane, til saman 62 % som trur at undervisningsmetodikken vil endre seg, enn mannelege, 56 %. Det er ein større del av dei som hovudsakleg underviser i yrkesfag som trur at undervisningsmetodikken vil endre seg i svært eller ganske stor grad (63 %) enn blant dei som hovudsakleg underviser på allmennfag (56 %).

I kva grad trur du at undervisningsmetodikken vil endre seg i samband med innføringa av "den digitaliserte skule"?




Om lag 4 av 10 lærarar oppgjev at dei nyttar digitale læremiddel for å tilpasse undervisninga til den einskilde elev sitt faglege nivå i ganske liten grad. Det er litt fleire av dei kvinnelege lærarane (36 % svært/ganske stor grad) enn av dei mannelege (31 %) som seier at dei nyttar digitale læremiddel for å tilpasse undervisninga til den einskilde elev sitt faglege nivå. Det er også fleire av dei som hovudsakleg underviser på yrkesfag (41 % svært/ganske stor grad) som seier at dei nyttar digitale læremiddel for å tilpasse undervisninga til den einskilde elev sitt faglege nivå, enn blant dei som hovudsakleg underviser på allmennfag (25 %).

I kva grad nyttar du digitale læremiddel for å tilpasse undervisninga til den einsskilde elev sitt faglege nivå?




Over halvparten av lærarane svarar at dei i svært eller ganske liten grad synest digitale læremiddel gjer det enklare å tilpasse undervisninga til den einsskilde elev sitt faglege nivå. Det er ein større del av dei lærarane som hovudsakleg underviser i yrkesfag som synest at digitale læremiddel gjer det enklare å tilpasse undervisninga til den einsskilde elev sitt faglege nivå (41 %) svarar i svært eller ganske stor grad enn blant dei som hovudsakleg underviser på allmennfag (29 %).


I kva grad synest du digitale læremiddel gjer det enklare å tilpasse undervisninga til den einsskilde elev sitt faglege nivå?



Om lag halvparten av lærarane oppgjev at elevane får verke med i organiseringa og gjennomføringa av undervisninga.




Den største delen av lærarane, 40 %, meiner at digitale læremiddel gjer det enklare å aktivisere elevane i ganske stor grad. Den største delen, når vi ser på alder, som synest det er enklare å aktivisere elevane, er gruppa 50-59 år ( svært/ganske stor grad 45 %) og lågast i gruppa 60 + (38 %).




### *Eigenvurdert kompetanse.*


I likskap med elevane vart lærarane bedne om å vurdere i kva grad dei meistrar ei rekkje ulike dataprogram. Nesten alle, 97 %, seier at dei meistrar tekstbehandlingsprogram (f. eks Word) i svært eller ganske stor grad.



Den største delen av lærarane meistrar også presentasjonsprogram (f. eks Power Point). Til saman 80 % seier at dei beherskar denne programtypen i svært eller ganske stor grad.




Det er ein noko større del av lærarane som meistrar rekneprogram (f. eks Excel) svært eller ganske dårleg (til saman 50 %) enn som meistrar denne typen program svært eller ganske godt (42 %). Det er ein større del av dei mannlege lærarane (til saman 53 %) som seier at dei meistrar rekneprogram godt, enn av dei kvinnelege (31%). Delen lærarar som meistrar rekneprogram godt synker med alderen. 52 % av lærarane under 40 år meistrar dette svært eller ganske godt, medan tilsvarende del blant dei over 60 er 36 %.




Til saman 34 % av lærarane oppgjev at dei beherskar bildebehandlingsprogram (f eks Picasa) svært eller ganske godt. Det er ein større del av dei mannlege lærarane som seier at dei meistrar bildebehandlingsprogram, til saman 40 % enn av dei kvinnelege, til saman 28 %. Bakgrunnstala viser også at det er ein større del av lærarane under 40 som meistrar bildebehandlingsprogram svært eller ganske godt (46 %) enn dei som er 60 år og eldre (26 %).

**Kor godt eller dårlig beherskar du følgjande program: - Bildebehandlingsprogram**



Nesten 6 av 10 lærarar seier at dei meistrar e-post ( f. eks Outlook) svært godt, og til saman 96 % svarar at dei meistrar det svært eller ganske godt.


**Kor godt eller dårlig beherskar du følgjande program: - E-post**



Lærarane vart og spurde om fagspesifikkeprogram. Her seier den største delen, 49 %, at dette er noko dei meistrar i ganske stor grad. Det er ein større del som svarar ”ikkje sikker” på dette spørsmålet enn


for dei andre programtypane. Dette kan ha samanheng med at 'fagspesifikke program' ikkje vart eksemplifisert i spørsmålet på same måte som for dei andre programma. Det er ein større del av dei mannlege lærarane som seier at dei meistrar fagspesifikke program svært eller ganske godt (73 %) enn av dei kvinnelege lærarane (64 %).

Kor godt eller dårlig beherskar du følgjande program: - Fagspesifikke program




Samlefigur: Eigenvurdert kompetanse

Kor godt eller dårlig beherskar du følgjande program:



## Web 2.0


Det er berre ein liten del av lærarane som nyttar web 2.0 verktøy i arbeidet sitt i svært stor grad. 2 av 10 seie at dette er noko dei aldri nyttar. Delen som nyttar web 2.0 i arbeidet synker med alderen. Blant dei yngste lærarane er delen som nyttar dette i svært eller ganske stor grad 39 %. Det er og ein større del av dei kvinnelege lærarane som nyttar web 2.0 i arbeidet sitt i svært eller ganske stor grad (37 %) enn blant dei mannlige (24 %)



## NDLA


Lærarane var spurde om dei underviser i fag der det er relevant å nytte NDLA. Det er ein like stor del som svarar ja, som svarar nei på dette spørsmålet – 30 %. Men den største delen svarar imidlertid ”ikkje sikker” på dette spørsmålet. Dette tyder på at NDLA endå ikkje er så godt kjent på alle skular. Det er fleire kvinnelege lærarar som seier at dei underviser i fag der det er relevant å nytte NDLA (35 %) enn mannlige (25 %). Det er også ein større del av dei som hovudsakleg underviser på allmennfag (38 %) enn blant dei som hovudsakleg underviser i yrkesfag (22 %) som seier at dei underviser i fag der det er relevant å nytte NDLA. Blant dei som hovudsakleg underviser i yrkesfag, er delen som svarar ikkje sikker på dette spørsmålet 46 %.

### Underviser du i fag der det er relevant å bruke NDLA?



Dei lærarane som svara at dei underviser i fag som det er relevant å nytte NDLA i, vart spurde om i kva grad dei nyttar det i undervisninga. Den største delen, 49 %, svarar at dei nyttar NDLA i ganske liten grad. Det er berre 3 % som svarar at dette er noko dei nyttar i svært stor grad. 2 av 10 seier at dei ikkje nyttar NDLA. Det er ein større del av dei som hovudsakleg underviser på allmennfag som seier at dei ikkje nyttar NDLA i undervisninga (23 %) enn blant dei som underviser på yrkesfag (12 %).


### I kva grad brukar du NDLA i undervisninga?



### *it's learning*

Læringsplattformen "it's learning" er eit viktig verktøy i den vidaregåande skulen i Hordaland og til saman 87 % av lærarane seier at dei beherskar it's learning svært eller ganske godt. Det er ein litt større del av dei lærarane som hovudsakleg underviser på allmennfag som meistrar "it's learning" svært eller ganske godt (90 %) enn blant dei som hovudsakleg underviser i yrkesfag (85 %). Om lag like stor skilnad finn vi mellom dei kvinnelege lærarane (91 %) og dei mannelege (83 %). Det er også på dette området slik at delen som oppgjev at dei beherskar "it's learning" godt, synker med alderen.


Kor godt eller dårleg vil du seie at du beherskar læringsplattforma "it's learning"?



Lærarane vart spurde om kor ofte dei nyttar ulike element i it's learning. Det vil variere mellom dei ulike elementa kor ofte det er relevant å nytte dei. Det elementet som flest nyttar seg av samla sett og som flest nyttar kvar dag, er meldingstenesta. 30 % av lærarane nyttar denne kvar dag. Oppgåver, oppslag, testar/prøvar og notat er også element som vert nytta av ein stor del av lærarane. Diskusjonar, community og diglib er dei elementa i it's learning som lærarane nyttar i minst grad.

I UTI sin studie frå 2007 fann ein at lærarane i stor grad nyttar digitale læringsplattformer (t.d. it's learning) til administrative oppgåver. Dei meir pedagogiske orienterte funksjonane, verktøy for kommunikasjon og samhandling, vart nytta i mindre grad. Dette samsvarar berre delvis med det vi finn i Hordaland. Om vi ser på dei fire elementa som ligg på topp på bruk, er to av dei det ein kan kalle administrative (meldingsteneste og oppslag) medan to er meir pedagogisk orienterte funksjonar (oppgåver og testar/prøvar). Slik sett kan ein seie at ein er kome lenger i bruken av dei pedagogisk orienterte funksjonar i Hordaland. Når det gjeld kommunikasjon og samhandling verkar funna å vere

samsvarande med den nasjonale studien i og med at elementa diskusjonar og community ligg lagt nede på lista.




### Opplæring

Heile 92 % av lærarane seier at dei har fått opplæring i løpet av dei siste to åra, og denne opplæringa har funne stad på ei rekkje ulike måtar. Det er mest vanleg å få opplæring av andre på skulen, enten av kollegaer (61 %) eller av superbrukarar (50 %). Nesten halvparten av lærarane oppgjev og at dei har drive med sjølvstudium i IKT i perioden. Det er berre ein veldig liten del av lærarane som har tatt grunnutdanning i IKT i løpet av dette tidsrommet (3 %).


Bakgrunnstala syner at det er ein større del av dei som hovudsakleg underviser på allmennfag som har fått opplæring av superbrukar på skulen (55 %) enn blant dei som hovudsakleg underviser på yrkesfag (46 %).

### Har du i løpet av dei siste to åra fått opplæring i IKT? I så fall på kva måte?




Nesten 8 av 10 lærarar seier at dei treng kompetanseheving i IKT i dette skuleåret eller neste. Behovet er stort i alle aldersgrupper, men størst blant dei mellom 40-59 år. Det er ein større del av dei som hovudsakleg underviser på yrkesfag (83 % ) som meiner at dei treng kompetanseheving enn blant dei som underviser på allmennfag (70 %). Det er også ein større del av dei kvinnelege lærarane (82 %) som seier dei treng kompetanseheving enn av dei mannlege (72 %).

### Treng du kompetanseheving i IKT dette skoleåret eller neste?




Ovanfor såg vi at ein stor del av lærarane seier at dei meistarar bildebehandlingsprogram dårleg. På spørsmål om kva dei treng opplæring i, oppgjev flest lærarar at dei treng opplæring i bildebehandling

og Smartboard. Over halvparten av lærarane som treng opplæring, treng opplæring på desse to områda. Av dei område som var foreslått i undersøkinga, er det tekstbehandling og videokanon færrest treng opplæring i. Det er ein større del av dei kvinnelege lærarane som vil ha opplæring i bildebehandling (65 %) og Smartboard (62 %) enn av dei mannelge (50 % både bildebehandling og Smartboard). Nesten halvparten av lærarane ynskjer opplæring i bruk av Web 2.0 verktøy.




Når det gjeld på kva måte ein ønskjer at opplæringa primært skal skje, er det intern opplæring (45 %) på skulen og kurs (36 %) flest ønskjer seg.




## Haldningar til bruk av IKT i skulen

Lærarane vart bedne om å ta stilling til ei rekkje påstandar om bruk av IKT i skulen. Til saman 74 % av lærarane er heilt eller delvis einige i påstanden ”bruk av IKT er motiverande for meg”. Det er litt fleire kvinnelege lærarar (79 %) som synest at bruk av IKT er motiverande enn blant dei mannlege (69 %). Blant dei som hovudsakleg underviser på yrkesfag er det 79 % som er heilt eller delvis einig i denne påstanden, medan tilsvarande del for dei som hovudsakleg underviser på allmennfag er 68 %. Delen som synast at bruk av IKT er motiverande synker med alderen. Blant dei som er under 40 år er det 81 % meiner dette. I gruppa 60 år og eldre er det 59 % som er heilt eller delvis einig i påstanden. Men også i denne gruppa er det altså fleire som einige enn ueinige i påstanden.




Til saman 76 % av lærarane er heilt eller delvis einige i påstanden ” Eg klarar å utnytte IKT på ein god måte i undervisninga’. Det er ein noko større del av dei kvinnelege lærarane som einige i denne påstanden (80 %) enn av dei mannlege (71 %). Også her er det slik at delen som er einige i påstanden fell med alder. Blant dei under 40 er det 87 % som er heilt eller delvis einig, blant dei mellom 40-49 er delen 77 % blant dei mellom 50-59 år er delen 74 % og blant dei som er 60 år og eldre er delen 58 %.

Ta stilling til følgjande påstandar - Eg klarar å utnytte IKT på ein god måte i undervisninga



65 % av lærarane er heilt einige i påstanden om at digital kompetanse er nødvendig i samfunnet i dag. Til saman er 95 % av lærarane heilt eller delvis einige i denne påstanden.


Ta stilling til følgjande påstandar - Digital kompetanse er nødvendig i samfunnet i dag



44 % av lærarane er heilt einig og til saman 84 % er heilt eller delvis einige i påstanden ”Digitale medier er ein naturleg del av skulevardagen”. Det er litt fleire av dei lærarane som hovudsakleg underviser på yrkesfag som er heilt einige i denne påstanden, 47 %, enn blant dei som hovudsakleg underviser på allmennfag, 43 %. Bakgrunnstala viser og at delen som er heilt eller delvis einig i at digitale medier er ein naturleg del av skulevardagen er størst blant dei mellom 40-49 og 50-59 (88 %

i begge grupper). Blant dei som er under 40 år er delen 82 % og blant dei som er 60 år og eldre er den 74 %.


Ta stilling til følgjande påstandar - Digitale medier er ein naturleg del av skulevardagen



Lærarane vart og bedne om å ta stilling til påstanden ”på skulen min er det delingskultur”. Her er meiningane meir delte. Den største delen (46 %) svarar at dei er delvis einige i denne påstanden. 22 % svarar at dei er heilt einig, medan til saman 20 % svarar at dei er heilt eller delvis ueinig i at det er delingskultur på deira skule. Det er også ein større del av lærarane som svarar ”ikkje sikker” (12 %) på denne påstanden, enn på dei andre påstandane. Det er litt fleire av dei som hovudsakleg underviser på allmennfag (70 %) som er heilt eller delvis einige i at det er delingskultur på deira skule enn blant dei som hovudsakleg underviser på yrkesfag (64 %). Det er imidlertid ikkje slik at delen av som er ueinig i påstaden er større blant dei som underviser på yrkesfag, men det er ein større del som svarar ikkje sikker i denne gruppa.

I den nasjonale studien til ITU fann ein at det eksisterer ein skilnad mellom grunnskule og vidaregåande skule når det gjeld delingskultur, i den forstand at dette er noko som pregar grunnskulen i større grad enn den vidaregåande skulen.

Ta stilling til følgjande påstandar - På skulen min er det delingskultur



Til sist i undersøkinga vart lærarane spurde om dei hadde andre kommentarar til temaet. Om lag 30 % av dei som deltok i undersøkinga nytta seg av dette høve. Det er to hovudpoeng den største delen av desse lærarane tek opp:

- Problemstillingar rundt at elevane har tilgang til internett i timane. Mange lærarar opplever at elevane surfer, chatter, spelar spel og gjer andre ting dei ikkje skal. Fleire ønskjer seg moglegheit til å kunne kople ut heile eller delar av internett.
- Fokuset på IKT. Mange lærarar meiner at det har blitt eit altfor stort fokus på bruk av IKT i skulen og at dette har/kan gå på kostnad av det faglege innhaldet i undervisninga. Ein del meiner også at trua på kva ein kan oppnå med IKT er for stor.

Andre område som vert trekt fram på dette punktet er:

- Opplæring (lærarane ønskjer seg meir/betre/annleis opplæring)
- Tid. Ein knapp ressurs for mange lærarar
- Dårleg/manglande utstyr og programvare på skulane
- At svake/umotiverte elevar lettare fell utanfor pga pc-ene
- Digitaliseringa av skulen gjev meirarbeid til lærarane
- Digitaliseringa av skulen/innføring av berbar pc til elevane er negativt

## Rektorundersøkinga


Rektorane vart i si undersøking bedne om å skildre korleis IKT-arbeidet vert organisert på deira skule i dag. Arbeidet med IKT vert organisert ulikt frå skule til skule, men nokre fellestrekk går igjen. På mange skular er arbeidet forankra i skulen sin IKT-plan. I tillegg er det mange som trekk fram superbrukar og e-koordinator som sentrale i arbeidet. Fleire skular har ei gruppe som styrer arbeidet (IKT-gruppe/styringsgruppe/datastøttegruppe). Desse gruppene er sett saman på ulike måtar. Ein skule seier at dei har elevar med i denne gruppa. I tillegg til desse funksjonane er det fleire skular som har ein eigen IKT-konsulent som arbeider med den tekniske biten av IKT-arbeidet.

Rektorane vart vidare spurd kor mykje tid som er sett av til IKT-satsinga i inneverande skuleår på ulike område. Mykje av denne informasjonen er ikkje kvantifiserbar fordi det er arbeid som inngår som del av andre stillingar, t.d leiingsressurs. Men for dei to sentrale oppgåvene superbrukar og e-koordinator ligg snittet blant dei som har oppgjeve stillingsprosent på ca 14 % (superbrukar) og ca 13 % for e-koordinator. På nokre av desse skulane vert det nytta meir ressursar frå stillingar der administrasjon er inkludert, slik at den samla innsatsen kan ligge noko høgare.

Kva rolle leiinga har i IKT-satsninga er også noko som varierer frå skule til skule. På nokre skular er det rektor eller assisterande rektor som leiar arbeidet, mens det på andre skular er avdelingsleiarar/fagleiarar som har hovudansvaret. Leiinga er som regel sentral i planarbeidet og i styringsgruppene på dei skulane som har det. Fleire rektorar trekk også fram at det er leiinga si oppgåve å inspirere og motivere i IKT-arbeidet.


IKT er eit område som skulane satsar på. Rektorane vart spurde om i kva grad IKT er eit satsingsområde for skule. Den største delen, 23 av 44 seier at det er det i svært stor grad, medan 20 svarar i ganske stor grad.

I kva grad vil du seie at IKT er eit satsingsområde for skulen?




Kor langt ein har kome i satsinga kan variere frå område til område. Generelt meiner den største delen av rektorane at skulen deira er kome om lag som forventa. Den største delen som seier at ein har kome lenger enn forventa, finn vi når det gjeld utstyr. Her er det 19 av 44 rektorar som seier at skulen er kome lenger enn forventa. Den største delen som seier at dei har kome kortare enn forventa, finn vi når det gjeld implementering av IKT i planar.

Kor langt vil du seie at skulen i dag har komme i IKT-satsinga på følgjande område:



31 av 44 skular har utarbeidd egne reglar for pc-bruk:

Har skolen utarbeidd egne regler for PC-bruk?



Det siste rektorane vart spurde om, var kva som skal til å for å kome vidare med IKT-satsinga på skulen. Her trekk dei fram ulike moment, men mange av rektorane trekk fram det same, og her er dei viktigaste punkta i prioritert rekkefølge:

- Kompetanseheving for lærarane
- Meir økonomiske ressursar
- Meir tid
- Utvikle delingskulturen
- ”Halde trykket på IKT-satsinga oppe”
- Meir/betre utstyr
- Arbeide med haldningar